

# Tiltaksplan for Fogn-, Ombo-, og Sjernarøy oppvekstsenter

## SKULEÅRET 2021 - 2025

Oppvekstsentra i Stavanger kommune ligg på øyane Ombo, Sjernarøy og Fogn. Oppvekstsentra har barnehage for barn i barnehagealder og skuletilbod for 1.-7.klasse. Øyane har låge folketal og vi har dermed få elevar i skuledelen. Alle tre oppvekstsentra er fådelte og relativt jamstore.

Tiltaksplanen er utarbeidd med bakgrunn i **skulane sine visjonar**:

*Fogn: Levande og lærande*

*Sjernarøy: Ei stor lita verd- leik, læring & lukke*

*Ombo: Vilt, vettugt og vakkert*

### **Eigne analyser som til dømes:**

Ståstedsanalyse

Rapportering på Kvalitetsplan

Resultat frå elevundersøkinga, foreldreundersøkinga

Resultat på nasjonale kartleggingsprøvar / nasjonale prøvar

### **Overordna regelverk og planar:**

Stavanger kommune sin kvalitetsplan: *Stavangerskolen mot 2025*

Opplæringslova

Kunnskapsløftet, LK20

## Innleiing

Å vere ein liten skule med eit elevtal på ca. 20 elevar, er fantastisk flott, men også ei utfordring. Vi har god oversikt over alle elevane, ser utfordringar og vanskar tidleg og er raske med å sette i verk tiltak når elevar har behov for det. Personalet arbeider tett saman om opplæring og aktivitetar som skal skje. Vi ser likevel at det å vere liten er ei utfordring, særleg når det gjeld det sosiale miljøet. Ikkje alle elevar klarer å finne seg til rette i eit så lite miljø og det kan dessutan vere vanskeleg å få til aktivitetar som til dømes lagspel, i friminutta. Dersom ein skal få til dette, må alle delta. Det positive her er at elevane lærer å leike og lære saman - på tvers av alder.

At elevane trivest, er ein sentral del av det å vere motivert til å lære. Vi veit også at motivasjon er avhengig av mange faktorar, m.a. elevmedverknad.

Samla resultat i elevundersøkinga viser at elevane blir stadig mindre motivert jo eldre dei blir og dette fører i mange tilfelle til fråfall i vidaregåande skule.

Vi som jobbar i skulen kjenner oss igjen i at elevane sin motivasjon endrar seg etter kvart som dei blir eldre. Ved å ha fokus på elevmotivasjon, og særleg elevmedverknad, vil skulane kunne gjere ein innsats som bidrar til å betre elevane sin motivasjon til å lære.



Denne modellen viser kva faktorar som har innverknad på motivasjonen.

I vår tiltaksplan for neste skuleår, vil vi derfor legge vekt på dei områda i kommunen sin strategiplan *Stavangerskolen mot 2025* som byggjer opp om motivasjon og elevmedverknad.

Den nye læreplanen, LK2020, har mange nye område, m.a. kjerneelement, fordjuping og tverrfaglege tema. Arbeidet med LK2020 har hatt særleg fokus i skuleåret 2020-2021. Ny læreplan betyr endring i lærarane sin praksis, noko vi framleis må ha særleg fokus på i vårt pedagogiske utviklingsarbeid. Områda den nye læreplanen legg til grunn, er nært knytt til engasjerte elevar og vil dermed vere eit viktig utviklingsarbeid i vårt vidare arbeid.

Motivasjon er eit sentralt omgrep i ny overordna del i læreplanen. Skulen skal m.a. legge til rette for elevmedverknad, aktiv læring og skaparglede. Å vere motivert til å lære, til å vere aktive deltakarar i opplæringa på skulen, til å vere ilag med andre og til å lære saman med

andre, har mykje å seie for både trivsel og elevane si læring. Dette stiller krav til korleis lærarane planlegg og gjennomfører opplæringa i klassen.

I overordna del og prinsipp for skulen sin praksis står det at *Skolen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og de skal få utfordringer som fremmer danning og lærelyst. For å lykkes med dette må skolen bygge et godt læringsmiljø og tilpasse undervisningen i samarbeid med elevane og hjemmene. Det krever et profesjonsfelleskap som engasjerer seg i skolens utvikling. Skulemiljøet skal vere inkluderande, raust og støttande. Elevane skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø, der dei blir oppmoda og stimulert til fagleg og sosial utvikling. Vidare skal skulen la elevane utøve skaparglede, engasjement og utforskartrøng. Dei skal få erfaringar med å omsetje idear til handling. For dei yngste elevane er læring gjennom leik sentralt.*


Det er eit krav at elevmedverknad skal prege skulen sin praksis der *elevane skal både medvirke og ta medansvar i læringsfelleskapet som de skaper sammen med lærerne hver dag.* Elevane skal tenke, erfare og lære i samspel med andre gjennom læringsprosessar, kommunikasjon og samarbeid. Skolen skal lære elevane å vise dømmekraft når dei ytrar seg om andre, og sørkje for at dei lærer å samhandle på forsvarleg vis i ulike samanhengar.

Elevmedverknad betyr at elevane skal seie meininga si, delta og medverke i alt som angår dei på skulen. Reell elevmedverknad krev at vi som tilsette legg til rette for at elevane trygt kan fortelje om korleis dei har det. Skulen skal legge vekt på elevane sine synspunkt når ein skal vedta noko som angår dei.

Elevane skal også medverke i læringsarbeidet ved å fortelje kva som gir dei lyst til å lære, kva dei liker å lære, korleis dei lærer best, komme med idear til opplegg og aktivitetar i fag eller tema, medverke i planlegginga av læringsaktivitetar, gi tilbakemeldingar på læringsøukter og undervisningsopplegg.

I vurderingsarbeidet skal elevane oppleve å få *god vurdering, der forventningene er tydelege. At elevane deltar og blir hørt underveis i læringsarbeidet, er sentralt i arbeidet med å tilpasse opplæringa. Lærerne skal støtte og veilede elevane slik at de kan sette seg mål, velge egne framgangsmåter og vurdere sin egen utvikling.*

*Stavangerskolen mot 2025* er eit overordna dokument som vi er forplikta til å følge. Modellen her viser 4 grunnleggjande prinsipp som skal gjelde i vår praksis.



På bakgrunn av denne planen, ny læreplan og vurdering av behov på oppvekstsentera, har vi valt følgende satsingsområde for skuleåret 2021 – 2025, med særleg fokus på motivasjon og elevmedverknad.

# Utviklingsområde: Elevmedverknad

**Mål: Elevane får seie meininga si i alle saker som vedkjem dei**

**Problemstilling: Vi treng både kompetanse og positive erfaringar med elevmedverknad**

<b>Tiltak</b>	<b>Kjenneteikn på vår praksis.</b> <b>Kva forpliktar vi oss på?</b>	<b>Evaluering – når og korleis</b>
<p>Dei tilsette får fagleg kompetanse om elevmedverknad og korleis dei skal legge til rette for elevmedverknad i opplæringa.</p> <p>Elevmedverknad er regelmessige tema på lærarsamarbeid m.a. i FFFL og i PUT gjennom heile året.</p> <p>Elevmedverknad er tema på planleggingsdagar og webinar.</p>	<p><b>Dei tilsette</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• har ei felles forståing av kva elevmedverknad er</li><li>• bruker aktivt elevmedverknad i opplæringa</li></ul>	<p><b>Elevundersøkinga</b></p> <p><b>Vekeplanar</b></p> <p><b>Periodeplanar</b></p>
<p>Dei tilsette skal reflektere jamleg over korleis elevane kan medverke og ta medansvar fagleg og sosialt i felles planleggingstid, PUT og FFFL.</p> <p>Gjort-lært- lurt</p>	<p>Suksesskriterier</p> <p>Dei tilsette reflekterer jamleg over eigen praksis og deler didaktiske suksesshistorier.</p>	

<p>Elevane skal oppleve at dei får medverke aktivt i læringsarbeidet både når det gjeld mål, metodeval og vurderingsarbeid.</p>	<p><b>Elevane</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● får velje ulike arbeidsmåtar</li> <li>● får vere med på å bestemme</li> <li>● får jobbe med noko dei er interesserte i</li> <li>● får velje oppgåver sjølv</li> <li>● er aktive samtidig som dei lærer</li> <li>● jobbar praktisk og digitalt</li> <li>● samhandlar og samarbeider</li> <li>● opplever at dei blir oppmuntra til kreativ oppgåveløysing</li> </ul>	
<p>Elevane skal erfare at dei blir høyrte i skulekvardagen og at det blir lagt vekt på deira meiningar i saker som vedkjem dei.</p>	<p>Skulen har lagt til rette for og tidfesta regelmessige møter i elevråd, min.1 elevråd pr. måned.</p> <p>Elevane er engasjerte i klasseråd- og elevrådsarbeid.</p> <p>Elevane erfarer at deira meiningar har noko å seie i skulekvardagen og i arbeid med overordna planar på skolenivå.</p>	

<p>Prinsippa i <i>Vurdering for Læring</i> er ein sentral del av lærarane sin praksis i opplæringa.</p>	<p><b>Elevane</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● forstår kva dei skal lære og kva som er forventta av dei</li> <li>● får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen</li> <li>● råd om korleis dei kan bli betre</li> <li>● er involverte i eige læringsarbeid og vurderer eige arbeid og utvikling</li> </ul>	
<p>Heimane er engasjerte og bidrar til elevmedverknad.</p> <p>Heimane får orientering om tema på foreldremøte ved oppstart av skuleåret.</p>	<p><b>Foreldra</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● snakkar med eigne barn om korleis dei kan medverke på skulen</li> <li>● er engasjerte og bidrar aktivt med konstruktive innspel i skulen sine rådsorgan</li> <li>● bidrar til at alle i klassen er inkludert i fellesskapet</li> </ul> <p>Elevmedverknad er tema på foreldremøte, foreldresamtalar og i foreldresamarbeidet.</p>	

## Utviklingsområde: Medborgarskap og berekraftig utvikling

**Mål: Elevar og tilsette som er aktive og engasjerte i skulekvardagen**

**Problemstilling:** Vi vil særleg ha fokus på at elevane har eit medansvar, både individuelt og sosialt, på skulen og i samfunnet.

<b>Tiltak</b>	<b>Kjenneteikn på vår praksis.</b> <b>Kva forpliktar vi oss på?</b>	<b>Evaluering – når og korleis</b>
Elevane skal medverke aktivt i skulekvardagen og kunne ta ansvar for og stå for egne val	<b>Elevane</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• kan ta andre sitt perspektiv</li><li>• kan stå i vanskelege situasjonar og tole motstand</li><li>• er aktive i skule- og lokalsamfunn</li></ul>	



Elevane skal erfare og forstå demokratiske prosessar

#### **Elevane**

- drøfter jamleg grunnleggjande dilemma og utviklingstrekk i samfunnet og korleis desse kan handterast
- deltar aktivt i klasse- og elevrådsarbeid

#### **Dei tilsette**

- fremjar kunnskap om rettar og plikter i samfunnet
- er gode førebilete og støtter opp om eit positivt sjølvbilete hos elevane
- rettleiar elevane til å ta etiske og berekraftige val
- tar klasse- og elevrådsarbeid på alvor
- lyttar aktivt til eleven si meining i alle saker

<p>Elevane skal ta ansvar for kvarandre på tvers av klasstrinn og inkludere alle</p> <p>Skulen skal gjennomføre samarbeid på tvers av klasstrinn gjennom «Store hjelper små».</p> <p>Skulen er open og inkluderande og nyttar det språklege og og kulturelle mangfaldet som ein ressurs i opplæringa.</p>	<p><b>Elevane</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● samarbeider med andre</li> <li>● har forståing for kvarandre</li> <li>● veit kva det er å «bety noko for andre"</li> <li>● kan "stå opp for kvarandre"</li> <li>● toler motstand</li> <li>● elevane handterer eigne kjensler</li> <li>● elevane kjenner at dei høyrer til</li> </ul> <p><b>Dei tilsette</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● har ein kultur for at alle er inkludert</li> </ul>	
<p>Foreldra er inkludert i opplæringa og har god kontakt med skulen.</p>	<p><b>Foreldra</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● tar medansvar for å utvikle eit godt lærings- og skolemiljø</li> <li>● er gode førebilete for barna sine</li> <li>● samarbeider i foreldrenettverket og bidrar positivt</li> <li>● Samarbeidet heim-skule byggjer på ein gjensidig anerkjenning av at skulen og heimen har ulike, men likeverdige roller i elevane sin kvardag</li> </ul>	

## Utviklingsområde: Utviklande læringsfellesskap

### Mål: Engasjerte elevar som er motiverte til læring

**Problemstilling:** Vi opplever at skulekvardagen og opplæringa ikkje tilstrekkeleg er lagt til rette slik at elevane opplever opplæringa meningsfull og kjekk

Tiltak	Kjenneteikn på vår praksis. Kva forpliktar vi oss på?	Evaluering – når og korleis
Elevane er ein del av eit aktivt læringsfellesskap	<b>Elevane</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• opplever at opplæringa er relevant og meningsfylt</li><li>• opplever at dei er aktive i læringsaktivitetane</li><li>• opplever at dei får gjere egne val</li><li>• får oppgåver som dei meistrar</li><li>• bli stimulert til å vere kreativ, nysgjerrig, skapande og kritisk</li><li>• opplever rom for djupnelæring</li></ul> <b>Dei tilsette</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• har tydelege forventningar til elevane</li><li>• utfordrar elevane til å vere kreative, nyfikne, skapande og kritiske</li></ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• legg til rette for at elevane får bruke kunnskap og ferdigheiter dei alt har, i kjente og ukjente samanhengar</li> </ul>	
Elevane er engasjert i eiga læring	Elevane tar ansvar i læringsaktivitetar og for leksene sine	
Oppvekstsenteret har planar og praksis som er kjent og blir gjennomført på alle nivå.	<p>Vi har tydelege reglar som blir følgt opp</p> <p>Vi kjenner tiltaksplanen for eit trygt og godt skulemiljø og bruker aktivitetsplan og rutinar som står her.</p> <p>Vi har tett kontakt med foreldra</p> <p>Vi har fadderordning for elevar som begynner på skulen</p> <p>I samarbeid med elevrådet, legg vi til rette for gode aktivitetstilbod i friminutta</p> <p>Elevrådet opplever å bli høyrte i alle saker som vedkjem dei</p>	
Dei tilsette på oppvekstsenteret har felles forståing og felles praksis	<p>Lærarane har positive forventningar til elevane</p> <p>Lærarane legg til rette for medverknad i læringsarbeidet og i skulekvardagen</p>	

Opplæringa ber preg av samarbeid i aktivitetar og felles opplevingar

Opplæringa legg til rette for aktivitetar som er varierte, praktiske og tilpassa eleven sitt nivå

Læraren gjennomfører ein god vurderingspraksis som er [læringsfremjande](#)

Elevane opplever at det er trygge rammer i skule og SFO der inklusjon og mangfald er ein sentral verdi

Elevane får god oppfølging og lukkast med å tileigne seg grunnleggjande ferdigheiter innan lesing, skriving og rekning

## Utviklingsområde: Digital kompetanse

**Mål:** Elevar og tilsette skal vere kjende med og aktivt bruke digitale verktøy i alle fag

**Problemstilling:** Lærarane har ulik tilnærming og ulik kompetanse i dei digitale verktøya som ligg i Stavangerpakka. Dette fører til at elevane får ulik opplæring og kompetanse i å bruke desse.

Tiltak	Teikn på god praksis	Evaluering – når og korleis
<p>Elevane skal få opplæring i dei digitale verktøya som ligg i Stavangerpakka.</p> <p>Elevane får opplæring i kva nettvett er.</p> <p>Dei tilsette skal ha ha fokus på digital livsmeistring slik at elevane kan meistre utfordringar dei møter på nett.</p>	<p><b>Elevane</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• elevane kan og bruker dei digitale verktøya i opplæringa</li><li>• Elevane opplever digital livsmeistring.</li><li>• Elevane har eit reflektert forhold til digital mobbing, opphavsrett, kjeldekritikk og personvern</li><li>• har tilgang på eiga Chromebook og brukarsystemet g-suite for education</li></ul> <p><b>Dei tilsette</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• har god kompetanse i digitale hjelpemiddel</li></ul>	

<p>IKT blir nytta i organisering og gjennomføring av opplæringa for å auke elevane sitt læringsutbytte.</p> <p>Foreldra får kurs/opplæring i nettvett og dei digitale verktøya vi bruker i skulen</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>● held seg oppdaterte via Stavanger kommune sine interne IKT-nettverk</li> <li>● lærer elevane digitale verktøy til å handtere framtida</li> <li>● bruker digitale verktøy i alle fag (SVG-skolen)</li> </ul> <p><b>Foreldra</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● er kjende med ansvaret dei har for å gi elevane rettleiing innan nettvett</li> <li>● får informasjon om IKT-reglementet ved Stavangerskolen</li> <li>● signerer og leverer inn kontrakt for heimlån av Chromebook</li> <li>● melder frå til skulen dersom elevar fortel om nettmobbing eller liknande</li> <li>● blir informert om digital livsmeistring på foreldremøte på skulen</li> </ul>	
---	--	--